



Organisasjons nr. 992 443 774  
Bankkonto 1503.32.65646

Årleg utdannings- og yrkesvals  
messe for kommunane, Austevoll,  
Bjørnafjorden Samnanger, og  
Tysnes

Arrangerast i 2021 i Nore Neset  
Aktivitetshus, Hagavik, i Os 10. og  
11. November.



Bjørnafjorden



Austevoll



Samnanger



Tysnes

Messa skal visa kva for bedrifter, offentlege verksemder og utdanningsinstitusjonar som finns i Bjørnefjordområdet og tilgrensande område. Dette kan vera bedrifter med særlege rekrutteringsbehov, og bedrifter som kan henda berre ønskjer å profilera seg i høve til ungdom og foreldre. Ein viktig funksjon på messa vil vera å synleggjera mogelege lærlingeplassar i bedriftene.



Lerøy vest og Sjøtroll Havbruk



Norsk Sykepleierforbund

### Målgruppe

Messa si målgruppe er elevar frå alle ungdoms- og vidaregåande skular i regionen. For desse elevane vil det å delta på messa bli ein del av skuledagen. Messa vert ein del av pensum i Utdanningsfaget i ungdomsskulen. Elevane skal førebu seg til messevitjinga og messa vil bli følgd opp i undervisninga. Det er om lag 1400 elevar i denne kategorien. Elevar frå skular i tilgrensande område vil og bli inviterte til messa.

Elevane i ungdomsskulen skal fortsetta utdanning i ein vidaregåande skule som har eit tilbod som eleven ønskjer. På messa i 2019 var det 20 vidaregåande skular som presenterte seg.

Ei anna målgruppe er vaksne som ønskjer påfyll av utdanning, omskulering eller rehabilitering. På messa vil dei møte utdanningsinstitusjonar som byr på vidareutdanning og bedrifter som byr på nye og alternative yrkesval.



Framo



**Krokeide vidaregåande skule**



**METIS vidaregåande skule**



**Fusa vidaregåande skule**



**Os Gymnas**

## Skule og arbeidsliv etter Corona

I messebrosjyren i 2019 nemnde vi at det var viktig å gje unge arbeids- og samhandlingskompetanse.

Å fungere på ein arbeidsplass handlar ikkje berre om å kunne lese av ein meterstokk, handtere ein motorsag eller kunne styre ein skalpell mot eit infisert område. På ein arbeidsplass vil der òg vere mange sosiale relasjonar mellom kollegaer som jobbar saman med deg mot same mål, men som til tider verkar å gjere det motsette. Vi kan sjå på heimesidene til Arbeidstilsynet at dei sosiale relasjonane vert tekne på alvor, og at dei arrangerer kurs som vert tilbydde gratis. Kurs i samspel mellom menneske, og mellom menneske og maskinar; kurs som om handlar varsling og korleis en skal handsame avvik – er døme på emne som vert tilbydde.

## Utstillarar

I Bjørnefjordregionen ligg fleire av dei leiande bedriftene i landet innan maritime aktivitetar. Her finn vi sterke teknologiske miljø som er retta mot olje- og gassutvinning i Nordsjøen, ein stor havfiskeflåte med tilhøyrande fiskeindustri og ei omfattande oppdrettsnæring. Det vert drive framifrå forskning innan marine fag både ved Universitet i Bergen og forskingsinstitutt i regionen og nærliggjande område.

I tillegg til dette er her ei allsidig næringsverksemd og offentlege aktivitetar i regionen.

Målet vårt med messa er å presentera eit breitt utval av desse aktivitetane saman med utdanningsinstitusjonar i regionen og omkring liggjande område. Her vil vidaregåande skular, fagskular, høgskular og universitet vera aktuelle. Så langt råd er, vil vi organisera bedrifter i klynger saman med utdanningsinstitusjonar som utdannar kandidatar som bedriftene har bruk for.



## Rettleiing til utstillarar og annonsørar

Heimesida vår er å finna på:  
<http://www.bjørnefjorden-utdanningsmesse.no>

Standard stand er 3 m brei med sideveggar på 1,5 m. Standen kan utvidast i modular på 1,5 m. Straum, internett-tilkopling, bord og stolar er inkludert i prisen. Middag 10. november er også inkludert i prisen. Standard stand kostar kr 4500,-. Utviding per 1,5 m kr 1000,-. I lista over utstillarar vil namna kunne søkjast direkte på internett.

Utstillarar og andre kan støtta Lions humanitære arbeid ved å kjøpa søkbar annonseplass med logo på heimesida for kr 2000,-.

Skjema for bestilling av stand og annonse er lagt ut på vår heimeside.

## Kontakt oss

Prosjektansvarleg  
Thorleif Eikeland  
[thorleif.eikeland@gmail.com](mailto:thorleif.eikeland@gmail.com)

Prosjektleiar  
Bjørn Solheim  
[bjorn.solheim@mac.com](mailto:bjorn.solheim@mac.com)

Kasserar  
Bjarne Drange  
[bjarne.drange@bkkfiber.no](mailto:bjarne.drange@bkkfiber.no)

Vaksenopplæring og rehabilitering  
Per Solberg  
[solberg.per@online.no](mailto:solberg.per@online.no)



Oselvar verkstaden

Os Lions Club er arrangør av



Hovudsponsor er  
Bjørnafjorden kommune

**BJØRNA  
FJORDEN**



KOMMUNE



Os (Bjørnafjorden) Kommune



Økonomisk overskot frå messa går i sin heilheit til Lions humanitære arbeid lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Som utstillar og/eller annonsør støttar du dette arbeidet.